



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/8136-3

Luftputebåten Veitastrond - driftstilskot

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Søknaden om utbetaling av driftstilskot for 2017 vert ikkje imøtekomen. Hovudutval for samferdsle viser til at fv. 337 til Veitastrond no er sikra mot skred ved Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred ved Utladøla. Ut i frå dette legg hovudutvalet til grunn at det ikkje lenger er grunnlag for at fylkeskommunen skal yte driftstilskot til luftputebåten.

Vedlegg:

Søknad frå Veitastrond Bygdalag om driftstilskot til luftputebåt, datert 06.02.18

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I brev av 06.02.2018 viser Veitastrond Bygdalag til avtale med fylkeskommunen om driftstilskot til luftputebåt og ber om at tilskot på kr 90 000,- for 2017 vert utbetalt snarast.

Historikk - tidlegare vedtak

I november 2011 søkte Veitastrond Bygdalag v/ Bjørn K. Skovly fylkeskommunen om følgjande avtale:

- 1 Eit fast tilskot på kr 90 000 pr. år som dekker forsikring, ei prøvekjøring i veka og kontroll, brøyting ved garasje og landingsplass nedanfor utsette område, samt vedlikehald av driftskunnskap og opplæring av nye operatørar av luftputebåten. Denne er berekna som ei teneste 26 veker/år og dekker person- og forbrukskostnader. I tillegg dekker det kostnader med straum til oppvarma lokale for oppbevaring av luftputebåten.
- 2 Eit tilskot på kr 4000,- pr. dag vegen er stengt eller ikkje tilrøadd brukt. Dette inkluderer også kostnadane til transport av ungdomsskuleelevar ut og lærarar inn til bygda. Alle andre brukarar vert fakturerte for tenesta med transport. Desse inntektene går til frådrag på tilskotet.
- 3 Ein garanti som dekker kostnadane ved uføresette større reparasjonar eller forsikringssaker. Forsikringa har ein eigendel på 50.000 + 25 % av overskytande kostnader, men dekker t.d. motorhavari som kan vere den store kostnaden. Med større reparasjonar, ber vi om garanti for kostnader ut over kr. 5000.

I møte den 29.11.11, sak 62/11 gjorde hovudutval for samferdsle følgjande vedtak:

- 1 Hovudutval for samferdsle yter eit driftstilskot på kr 90 000,- til Veitastrond Bygdelag i 2012 til dekking av drifta med luftputebåten i Veitastrond. Tilskotet vert dekka over tenesteområde 6001 til disposisjon for Hovudutval for samferdsle. Driftstilskot for 2013 og framover vert å sjå på i samband med budsjettet for 2013 og økonomiplanen for 2013 – 16.
- 2 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på kr 4 000,- pr. dag når vegen er stengt p.g.a. ras eller fare for ras i 2012. Tilskotet inkluderer kostnader knytt til elevtransport. Eventuelle andre inntekter kjem til frådrag på tilskotet.

2. Vurderingar og konsekvensar

I fylkesdirektøren sitt saksframlegg til hovudutval for samferdsle i sak 62/11 vert det vist til at fylkeskommunen gav eit tilskot på kr. 225 000 til innkjøp av luftputebåten i Veitastrond. Hovudutval for regional utvikling la den gongen til grunn at fylkeskommunen ikkje vert påført driftskostnader i samband med bruk av båten. Ut i frå dette vart det ikkje gitt driftstilskot fram 2010.

Fylkesdirektøren viser også i si saksutgreiing til at det i budsjettet for 2012 og økonomiplanen 2012-15 er lagt opp til at Buskredene og Bjødnabakken skal rassikrast innan 2013. Rassikring av Buskredene og Bjødnabakken vil betre situasjonen monaleg for Veitastrond. Eit driftstilskot vil vere avgrensa til å gjelde fram til rassikringstiltaka er gjennomførte.

Ved Buskreda er det bygd ein kombinert lede- og fangvoll som stod ferdig hausten 2016. Ved Bjødnabakkane er det bygd tunnel, som opna desember 2016. Det er også bygd fangvoll som sikring av vegen mot skred ved Lindeskreda. Vegen er her lagt ut på fylling i Veitastrondsvatnet. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred, og stenger vegen, ved Utladøla mellom Kvam og Veitastrond.

Frå 2010 og fram til og med 2016 har fylkeskommunen gitt årlege driftstilskot til luftputebåten i Veitastrond. Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda er sikra mot skred. Området inn til Veitastrond har vore og er utsett for skred, men med dei tiltaka som er gjennomførte er vegen inn til Veitastrond vesentleg tryggare enn tidlegare. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det såleis ikkje grunnlag for å gje driftstilskot til luftputebåten i Veitastrond etter at desse skredsikringstiltaka er ferdigstilte.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gje driftstilskot til luftputebåten i Veitastrond etter at skredsikringstiltaka i Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda er ferdigstilte. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred ved Utladøla. Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere vedtak om å ikkje tildele meir driftstilskot til luftputebåten.